

**Budsjett 2021  
Økonomiplan 21-24**



## Innholdsliste

Innleiing.....	3
Oppvekst.....	3
Eldreomsorg.....	5
Sosialtenester.....	6
Næringsliv.....	6
Kultur.....	7
Veg.....	7
Kommunal vikarsentral.....	8
Politisk møteverksemd.....	8
Eigedomsskatt.....	9
Investeringar.....	10
Investeringar – sjølvkost.....	10
Økonomiplan 2021 - 2024.....	12
Endringar i driftsbudsjettet 2021.....	13
Endringar i investeringsbudsjettet.....	15

## Innleiing

Dette budsjettforslaget byggjer på kommunedirektøren sitt budsjett, og alle tall er endringar i forhold til det budsjettet.

### Viktige satsingar i SV sitt budsjett:

- **Lærarnorma oppfyllest på alle skular, for alle elevar.**
- **Styrkja bemanning i barnehagane.**
- **Miljøterapeutar i skulane.**
- **Sikra førebyggjande helsetenester som kreftkoordinator, tryggleikssjukepleiar m.m.**
- **Sikra husleige på kommunale bustadar på dagens nivå.**
- **Vi styrkjer tenestene i kommunen i staden for å svekke dei!**

Den viktigaste oppgåva til kommunen er å sørge for gode tenester til innbyggjarane. I store deler av dagens kommune har det over lengre tid vore levert eit for lågt tenestnivå. Bemanninga i sentrale tenester som barnehagar, skular eller sjukeheimar har mange stader i kommunen vore på eit absolutt minimum. I somme sektorar er det i tillegg *under* det lovpålagte. Budsjettframlegget til kommunedirektøren legg opp til store kutt i tenestene, frå eit allereie problematisk lavt nivå. Det meiner SV er for dårleg, og vårt alternative budsjett inneheld difor ei styrking av dei fleste tenesteområda.

I budsjettet har SV prøvd å gjere det slik at familiar med låg inntekt i hovudsak skal komme betre ut økonomisk enn kva dei gjer i dag. Dei med høg inntekt vil i hovudsak måtte betale litt meir. Det er ein sterk samanheng mellom å ha god økonomi og å eige ein bustad med høg verdi. Ved å skattlegge eigedomsformue og nytta inntektene til å styrkje tenestene, vil dei som har mykje bidra i større grad enn dei som har lite, til at vi kan oppfylle lærarnorma. Vi kan også ha bemanning rundt våre eldste og sjuke, som er noko over dei absolutte minstekrava i lovverket, og ha miljøterapeutar på skulane som sikrar eit trygt og godt oppvekstmiljø for borna våre.

## Oppvekst

I kommunedirektøren sitt budsjett er det føreslått å redusere bemanninga i skulen med ca. 7,3 millionar kroner. Oppvekstsektoren er den sektoren som vil få det største løftet i vårt alternative budsjett. Det er ikkje alle skulane i Bjørnafjorden som oppfyller lærarnorma i dag, og med ytterlegare kutt i budsjetta, slik kommunedirektøren foreslår, vil enno fleire barn gå på skular med for få vaksne tilsette. Det hjelper lite at ein fokuserer på bemanninga i gjennomsnitt i kommunen. Det er ein grunn til at norma er utforma som den er, og SV kan ikkje godta at den berre er oppfylt for nokre av borna i kommunen. Dei borna som må dele på for få lærarar nyt ikkje godt av at det er ein ekstra lærar på ein annan skule. Vårt budsjett legg opp til å oppfylle lærarnorma i heile kommunen og styrkje bemanninga i barnehagane. Vi har sett av pengar til ca. 10 lærarårsverk i skulane, 6,5 millionar kroner.

**Lærarnorma skal vere oppfylt for alle born som går på skule i Bjørnafjorden.**

SVs viktigaste satsningar	Beløp (i tusen kroner)
Miljøterapeutar i skulane	4 000
Oppfylle lærarnorma	6 500
Auka overføringar til skulane	1 000
Auka overføringar til kommunale barnehager	1 000
Fleire stillingar i meistringsteamet	2 000
Reversere kutt i kreativ læring	1 000
Chromebook til alle elevar	2 000

For å motverke mobbing og skape eit betre miljø på skulen, ønskjer SV også å tilsetje miljøterapeutar i ei fri rolle på skulane. Miljøterapeutane vil jobbe tett saman med meistringsteamet, helsesjukepleiar og innsatsteam mot mobbing. Dei vil sørge for at dei elevane som treng støtte, blir sett og rett instans kopla på om nødvendig. I 2021 ønskjer vi å begynne med éin miljøterapeut per 600 elevar (mindre skular får då miljøterapeut eit par dagar i veka) og har sett av 4 millionar kroner til dette. Totalt brukar SV 10,5 millionar kroner på auka bemanning i skulen i 2021.

Meistringsteamet skal også styrkjast for å kunne ta på seg oppgåver i heile kommunen og for å kunne ta endå fleire saker. Overføringane til meistringsteamet aukast med 2 millionar kroner i forhold til kommunedirektøren sitt budsjett, noko som gir ein reell auke på 600 000 kroner frå dagens situasjon.

Trivsel, læring og førebygging er botnplankar i SV sin skulepolitikk. Eit døme på dette er at vi vil sikre at skulane har økonomi til å tilby klassesettar for 10. klassene. For å få til dette, har SV auka overføringane med 1 million kroner. Dette skal finansiere klassesettar og styrkje den generelle økonomien til skulane. I tillegg reverserer vi kommunedirektøren sine kutt i dei viktige tilboda Guttas Campus og Kjør for livet, to program som har som mål å gje born og unge positive opplevingar, meistringskjensle og auka sosial kompetanse. Kommunen har gode erfaringar med begge desse programma. SV vil difor ikkje vere med på å stenge ned det gode arbeidet og miste kompetansen som er bygd opp rundt dette.

Nokre, men ikkje alle, skular har Chromebook til alle elevar. Ein slik skilnad mellom tilbodet i skulane i same kommune ønskjer vi ikkje. SV har difor sett av 2 millionar kroner for å utbetre dette. Når dette målet er nådd, nyttar vi den same summen til å styrkje miljøterapeutane med ytterlegare 1 million kroner i året, og resterande 1 million kroner til å styrkje den generelle økonomien i skulane.

Dei kommunale barnehagane får styrkja sine budsjett med 1 million kroner i forhold til tala for 2020 slik at dei kan betre bemanninga. Dei private barnehagane vil nytta godt av denne satsinga to år seinare, i samsvar med reglane for finansiering av private barnehagar. Dei private barnehagane vil få ca. 3,3 millionar kroner ekstra frå 2023.

I budsjettet for 2020 vart eitt årsverk hos kommunepsykologen innan oppvekst tatt bort, samstundes som det på budsjettkonferansen vart påpeika at psykiske problem hos barn og ungdom er eit aukande problem. SV meiner det vert feil å kutte der når behovet er aukande, og dette kuttet er difor reversert i vårt budsjett. Det er sett av 1 million kroner til dette formålet.

I budsjettet til kommunedirektøren er det foreslått å slå saman administrasjonen i barnehagen og skulen i Nore Fusa og i Søre Fusa. Dette er eit grep som på sikt kan vere lurt, men SV kan ikkje støtte det før ein har gjort ei konsekvensutgreiing av tiltaket. Fleire stader har ei slik samanslåing hatt negative konsekvensar, spesielt for barnehagedelen. Lovverket er utforma slik at ein felles einingsleiar for skule og barnehage normalt skal vere ein person med erfaring frå skulen, og då er

det ein fare for at barnehagen kjem i andre rekkje. Difor føreslår SV å ikkje slå saman desse administrasjonane, og har sett av pengar til å fortsette med separate administrasjonar.

Vidare har vi delvis reversert eit kutt på nærare 8 millionar kroner frå sekkeposten «øvrige» i kommunedirektøren sitt budsjett. Vi godtar eit kutt på om lag 2 millionar kroner i denne posten, som i all hovudsak er innsparingar som følgje av ei omlegging av praksis, rutiner og samarbeid. I tillegg godtar vi eit kutt på 100 000 kroner i transport til skulegudstenester. Skulane står framleis fritt til å nytte noko av den auka ramma på 1 million kroner som SV har lagt inn i budsjettet, til dette formålet om dei ønskjer det.

## Eldreomsorg

I kommunedirektøren sitt budsjett var det føreslått kraftige kutt innan helse og velferd. Mange av dei vil ramma spesielt eldre innbyggjarar.

SVs viktigaste satsingar	Beløp (i tusen kroner)
Redusere husleiga i omsorgsbustader	1 000
Behalde tryggleikssjukepleiar	375
Behalde diagnosespesifikke stillingar	1 475
Behalde kreftkoordinator	400

Tryggleikssjukepleiarar gjev viktig hjelp til eldre slik at dei kan bu heime lenger. Eldre i Bjørnafjorden skal ikkje måtte flytte inn på institusjon tidlegare enn dei sjølv ønskjer og elles har behov for. Det gjev ein dårlegare alderdom for den enkelte og vil koste kommunen meir enn ein sparar, på grunn av auka utgifter til eldreomsorg i institusjonane. I SV sitt budsjett har vi difor vald å behalde tryggleikssjukepleiaren.

Kreftkoordinator og dei som i dag jobbar i diagnosespesifikke stillingar for kreft, kols og diabetes spelar også ei veldig viktig rolle i livet til mange som bur i Bjørnafjorden i dag. Tap av desse tenestene og kompetansemiljøa vil vere svært negativt for livskvaliteten til brukarane. Dei faglege råda er eintydige; det vil med alt sannsyn koste kommunen og samfunnet meir enn ein sparar. Førebygging er viktig for livskvaliteten til innbyggjarane i kommunen, men det er òg økonomisk fornuftig.

### SV vidarefører dagens ordningar, i staden for å kutte dei ut slik kommunedirektøren foreslår.

Husleiga i omsorgsbustadar i kommunen er ei svært høg utgift for mange av dei som nyttar slik bustad i dag. Bebuarar på Luranetunet med lågaste pensjonssats, for eksempel, har gjerne berre rett over 100 kroner til overs etter faste månadlege utgifter. SV ønskjer å redusere husleiga deira med 1000 kroner i månaden. Då vil òg minstepensjonistar utan bustønad ha pengar til eigen disposisjon kvar månad.

## Sosialtenester

Kommunedirektøren foreslår i budsjettet for 2021 at barnetrygd igjen vert medrekna i sosialhjelpsberekingen. SV er glade for at den praksisen vart avvikla i budsjettet for 2020, og vil ikkje se den gjeninnført. Det er djupt urettferdig at vi skal gjere det endå vanskelegare økonomisk for småbarnsfamiliar som mottar sosialstønad. Foreldra si økonomiske situasjon skal ikkje gjere at barna ikkje kan delta på dei same aktivitetane som andre barn.

**SV foreslår derfor å halde barnetrygda utanfor når sosialstønaden skal utreknast.**

SVs viktigaste satsingar	Beløp (i tusen kroner)
Barnetrygd ikkje medrekna sosialhjelpsbereking	400
Tiltak mot barnefattigdom	500
Ikkje auke husleiga på kommunale bustader	250

Dette tiltaket betrar situasjonen for barn som veks opp i fattige familiar, men ikkje nok. SV set difor av 500 000 kroner ekstra til tiltak for barn i fattige familiar, óg dei som ikkje har foreldre som mottek sosialstønad. Dette kan for eksempel vere pengar til sykkel eller anna utstyr borna treng, støtte til ferie eller konfirmasjon, eller for å dekke kostnadar til turar med idrettslag eller andre organisasjonar for å nemne noko. Tenesteutvalet må involverast i utarbeidinga av nærare retningslinjer for korleis pengane best kan fordelast for å komme barna til gode.

Kommunedirektøren foreslår å auke inntektene til kommunen ved å auke husleiga for kommunale bustader. Dette rammer dei som har minst frå før. SV foreslår difor å fjerne den ekstra inntekta på 250 000 kroner som kommunedirektøren budsjetterer med her. Ei internjustering slik at dei med høgast husleige får noko redusert leige, medan dei med lågast leige får ei mindre auke, kan derimot vere lurt. Å auke inntektene til fellesskapet ved at dei som har behov for kommunale bustader skal betale meir, derimot, kan vi ikkje godta.

## Næringsliv

SV ønskjer at Bjørnafjorden skal vere ein attraktiv kommune for næringslivet. Vår målsetting er å legge til rette for at det blir skapt fleire arbeidsplassar i kommunen, og at færre av dei som bur her må pendle til nabokommunar. Dette er viktig både av omsyn til miljøet vårt og for å betre kommunen sine inntekter. Det blir viktig å utvikle gode, framtidsretta næringsområde for å få til dette. SV støttar difor utviklinga av både Lyseparken næringspark og Samnøy næringsområde, og kjem til å arbeide for ei realisering av desse så raskt som mogleg. Det må likevel ikkje skje utan omsyn til dei framtidsretta løysningane.

Vi er framleis midt i ein pandemi. Dette har ramma deler av næringslivet hardt og det kan framleis komme nye smittebølgjer som rammar næringslivet. SV har difor vald å sette alle koronamidlane i eit eige fond som også kan nyttast til å hjelpe næringslivet om nødvendig.

SV har ikkje auka skatteanslaget for 2021 i forhold til tala frå budsjettet for 2020. Vi meiner det vil vere å budsjettere med ein svært risikabel inntekt, når vi samstundes mottek midlar frå Staten som er meint å kompensere for reduserte inntekter og lågare aktivitet i kommunen.

## Kultur

SV er eit parti som ønskjer å satse på kultur i kommunen. Kulturen gjev verdi og innhald i livet til alle oss som bur her, og eit variert og levande kulturliv har svært undervurdert, forebyggjande helseeffekt. I dagens økonomiske situasjon har vi likevel diverre ikkje funne rom for store satsingar i denne sektoren.

SVs viktigaste satsingar	Beløp (i tusen kroner)
Styrke kulturskulen	300
Auka støtte til frivillige lag og organisasjonar	125
Reversere kutt til Oseana KF	175
Reversere kutt til Bjørnafjorden idrettspark	175
Fjellheim (investeringsbudsjettet)	500
Samfunnshuset i Eikelandsosen	200

Kulturskulen får 300 000 kroner i auka overføringar for å få ned ventelistene og gjere tilbodet tilgjengeleg for fleire. Midlane kan for eksempel nyttast til å redusere eigenandelen med 500 kroner for dei om lag 600 elevane på skulen.

Oseana KF og Bjørnafjorden idrettspark får tilført 175 000 kroner kvar, som er ein direkte reversering av kommunedirektøren sine kutt. Det vert sett av 125 000 kroner som frivillige lag og organisasjonar kan søkja om tilskot frå. Tenesteutvalet forvaltar desse midla.

SV ønskjer å ta vare på signalbygget Fjellheim på Os. Ei løysing der Oseana KF tar over bygget og driftar det som eit kulturbygg, er svært spennande. Vi set av 500 000 i økonomiplanen til akutt vedlikehald og sikring av bygget og til vidare arbeid med planane for bygget. Dei årlege overføringane til Oseana KF vil auke om Fjellheim kjem i drift som kulturhus. På same vis set vi av 200 000 kroner til vidare arbeid med planane for samfunnshuset i Eikelandsosen.

## Veg

Mange kommunale vegar i Bjørnafjorden treng vedlikehald og oppgradering. I kommunedirektøren sitt budsjett er denne posten redusert med 2 millionar kroner. Det er meir enn ei halvering av rammene i 2020.

SVs viktigaste satsingar	Beløp (i tusen kroner)
Auka overføringar til vedlikehald av veg	3 000

SV fryktar at eit så redusert budsjett til vedlikehald av veg, vil gje store, kostbare etterslep som berre vert endå vanskelegare å ta igjen seinare. Vi føreslår difor heller å auke dette beløpet med 1 million kroner, altså ei styrking på totalt 3 millionar kroner i forhold til kommunedirektøren sitt budsjett.

**SV set av 3 millionar kroner til vedlikehald og oppgradering av kommunal veg.**

## Kommunal vikarsentral

Det er høg vikarbruk i kommunen, både frå vikarbyrå og av «ringehjelp». Innleige frå vikarbyrå kostar mykje meir per time, og bruk av «ringehjelp» er tidkrevjande. I mange høve brukar kommunen ufaglærte i roller der det burde vere kvalifisert personell. SV ønskjer difor å utvide den kommunale vikarsentralen slik at den dekkjer oppvekst i tillegg. Dei tilsette i vikarsentralen skal vere faste tilsette i fulle stillingar. Administrasjonen må rekne på kor mange årsverk som trengs for å dekkje eit vanlig sjukefråvær innan dei forskjellige stillingskategoriane og tilsetje vikarar deretter.

## Politisk møteverksemd

I budsjettet til kommunedirektøren er det kutta 500 000 kroner til politisk møteverksemd. SV er einig i at det også bør kuttast her og opprettheld summen, men endrar litt på korleis det skal gjerast.

SVs viktigaste satsingar	Beløp (i tusen kroner)
Redusera løn til ordfører og varaordfører	-250

SV vil leggje ned trafikksikringsutvalet og overføre ansvaret til Plan-, bygg- og miljøutvalet. Vi meiner også at fleire av avgjerda om trafikksikring, bør takast av administrasjonen og ikkje av politikarane. Då sikrar vi at pengane blir meir effektivt brukte og går til dei prosjekta administrasjonen meiner har høgst prioritet. Samstundes bør større tiltak framleis vurderast av utvalet, då vurderinga mellom eitt stort og mange små prosjekt, i stor grad er ei politisk vurdering. Å leggje ned utvalet og overføre meir mynde til administrasjonen, bør spara kommunen for over 100 000 kroner i året.

SV vil leggje ned Liv i Bjørnafjorden-utvalet og overføre ansvaret til formannskapet, som i mange tilfelle tek det som ein del av sine planlagde møte. Talet politiske møter vert dermed redusert og man sparar møtegodtgjersle.

Vidare meiner SV at løna til ordførar og varaordførar bør reduserast. Dette er noko SV jobbar for i stort sett alle kommunar, og Bjørnafjorden er ingen unntak. Løna bør reduserast frå å vere lik løna til stortingsrepresentantar, til å vere 80% av løna deira. Likeins bør òg løna til varaordførar reduserast med 20%, noko som vil gje ei innsparing på vel 250 000 kroner.

Møtegodtgjersla til politikarane bør samsvara med arbeidsbøra; eit møte på under ein time bør ikkje gje same møtegodtgjersla som eit møte på 9 timar. Det gjer det i dag. SV føreslår difor å dele møtegodtgjersla opp etter kor lenge møtet varer. Møter på under 2 timar skal ha ei godtgjersle på 0,8 promille av lønen til stortingspolitikarar. Møter på opptil 6 timar skal ha ein godtgjersle på 1,2 promille av lønen til stortingspolitikarar. Møter på meir enn 6 timar skal ha ein godtgjersle på 1,6 promille av lønen til stortingspolitikarar.

I tillegg til møtegodtgjersle blir politikarane kompensert for tap av løn medan dei er på møte. SV er sjølvsagt for å behalda denne lovpålagte ordninga, men vi meiner at timeløna bør reduserast. I dag



kan politikare få dekka tappt arbeidsforteneste inntil 4.000 kroner dagen. Det betyr at politikare med ein årsløn på over ein million kroner vil få dette kompensert fullt ut. Når man nå foreslår å redusera løna til ordførar bør man som eit minimum redusera kompensasjonen her også. SV foreslår difor å redusere maks vederlag for tap i arbeidsinntekt som følgje av vervet, til 3.000 kroner dagen.

## Eigedomsskatt

Eigedomsskatt er det eine grepet som i størst grad skil SV sitt budsjett frå dei andre budsjetta som vert lagt fram. Vårt verdigrunnlag seier tydeleg at før vi kan kutte i tenestene som vi alle treng og nyt godt av, uavhengig av økonomiske forutsetningar, så må vi sjå på løysingar der dei av oss som har mykje, bidreg meir.

Når det er behov for å kutte ein stad, så kan ein sjå på det på to ulike vis; skal vi som kommune kutte i økonomien til dei som eig eigen bustad med 150,- eller 250,- i månaden, eller skal vi kutte i budsjett og talet på tilsette i barnehagane, skulane, eldreomsorga, PPT, psykologtenester, rusomsorg, kultur osv.?

Slik utviklinga har vore i overføringar av midlar og oppgåver frå Staten til kommunane dei seinare åra, har fleire og fleire kommunar landa på det tunge valet om å innføre eigedomsskatt. 319 av totalt 356 kommunar i landet har no innført skatten. Bjørnafjorden er ei av veldig få kommunar som ikkje har eigedomsskatt som del av inntektsgrunnlaget sitt i dag, og i kommunedirektøren sitt budsjett ser vi kva konsekvensar det får for tilbodet til kommunen sine innbyggjarar.

**Det er dei av oss som har minst, som treng kommunen mest. Tenestenivået i Bjørnafjorden er allereie for lågt.**

SV kan difor ikkje akseptere at vi gjer ytterlegare kutt i tenestene for det som treng fellesskapet mest. Vår løysing er tvert om å styrkje tenestene, og at det som eig store verdiar må bidra meir.

Når det er sagt, så er SV ikkje i tvil om at Bjørnafjorden kommune sjølv utan å styrkje tenestene slik vi foreslår i dette budsjettet, vil ha behov for eigedomsskatt innan få år. Dei to neste åra må utgiftssida ned med om lag 90 millionar kroner totalt i forhold til budsjettet for 2020. Når vi går ut av ordninga med statleg finansiert eldreomsorg (SIO) etter 2022 manglar vi ytterlegare 90 millionar kroner.

I 2021 har SV planlagt med ein eigedomsskatt på 1 promille for bustad, med eit botnfrådrag på 500 000 kroner, og 2 promille for nærings eigedom. Frå dette meiner vi at ei inntekt på om lag 40 millionar kroner er realistisk. I økonomiplanen aukast satsane ytterlegare i 2022, til høvesvis 2 promille for bustad og 4 promille for næring. Botnfrådraget for bustad vert halde på same nivå.

Det er relativt usikkert nøyaktig kva kostnadane ved å avslutta SIO vert for kommunen, tala over er dagens estimat. Om kostnadene ikkje blir så høge som ein reknar med i dag, kan satsen for eigedomsskatt på bustad reduserast tilsvarande.

Merk at satsen vi legg til grunn for eigedomsskatt for næring, er lågare enn kva den var i Fusa før kommunesamanslåinga. Dette gjeld i heile planperioden. SV er bevisst på nivået av eigedomsskatt i Bergen og vil sørge for at vi aldri ligger over det i Bjørnafjorden. Dette for å hindre ein eventuell næringsflukt til nabokommunen. Næringslivet i Fusa hadde gode kår sjølv med ein høgare

eigedomsskatt, så SV ser på risikoen for næringsflukt eller økonomiske utfordringar som liten, sjølv om ein innfører eigedomsskatt på næringsseigedom i Bjørnafjorden kommune.

## Investeringar

SV har ikkje gjort store endringar i høve kommunedirektøren sitt framlegg til investeringar. Kvar million vi brukar på investeringar fører til ein reduksjon i driftsbudsjettet på ca. 50 000 kroner. Når driftsbudsjettet allereie er stramt må ein altså, om mogeleg, unngå vidare investeringar.

SVs viktigaste satsingar	Beløp (i tusen kroner)
Nytt lokale for heimesjukepleien	45 000
Klimafond	3 000

Likevel aukar SV investeringane som påverkar driftsbudsjettet noko, då enkelte investeringar som er absolutt nødvendige ikkje var med i budsjettet til kommunedirektøren. Eit eksempel på det er nytt bygg til heimesjukepleia. Totalt aukar SV investeringane som påverkar driftsbudsjettet med 19,5 millionar kroner.

Dei største endringane i denne delen av investeringsbudsjettet er at ein skyv Nore Neset gravplass til etter økonomiplanperioden. For å sørge for nok gravplassar vil SV bruke og ruste opp ledig areal på Kuventræ gravplass og Nore Neset gravplass til urnegraver og namna minnelund. Den totale innsparinga med å gjere dette er på 25,6 millionar kroner.

Heimesjukepleia treng som nemnd eit nytt lokale. SV meiner at den mest egna staden er truleg i nærleiken av Luranetunet. Der er det allereie planlagt eit bygg til hjelpemiddelsentralen og ein samlokalisering av desse to tenestene synar å vere ein god løysing. Kostnaden av dette blir 37,6 millionar kroner.

Klimafondet er planlagt slik at kommunale føretak og einingar kan søke om midlar herifrå til klimatiltak som reduserer utslepp av klimagassar. Eksempel på dette er varmpumper, solcellepanel og varmegjenvinning. Dette er eit av verkemidla for å få ned kommunen sine klimagassutslepp. Klimafondet vert tilført 3 millionar kroner årleg til klimatiltak.

## Investeringar – sjølvkost

Investeringar til vatn, avløp osb. er rekna som sjølvkost. Det betyr at dei ikkje påverkar driftsbudsjettet til kommunen, men at renter og avdrag blir belasta andre.

SVs viktigaste satsingar	Beløp (i tusen kroner)
Leige til eige	5 000
Reduksjon i vatn og avløp	-20 000
Startlån	10 000

For å hindre at dei kommunale avgiftene aukar for mykje, føreslår SV å redusere dei årlege løyvingane til vatn og avløp med 10 millionar kvar, i heile perioden. Vi meiner at det framleis er sett

av nok midlar til å drive nødvendig vedlikehald på røyra i kommunen, og at ein må prøve å finne løysingar som hindrar at dei kommunale avgiftene aukar for mye.

SV ønskjer å auke budsjettet for startlån slik at kommunen kan hjelpe enda fleire med å skaffe seg eigen bustad. Sjølv om dette aukar kommunen sitt låneopptak, aukar det ikkje utgiftene til å betala låna noko særleg, då renter og avdrag vert betalte av den som kjøper bustaden. SV har fått stadfesta av NAV i Os at det er behov for meir startlån og håpar ei auke på 10 millionar i året vil dekke behovet.

Ikkje alle som treng hjelp til å skaffe seg bustad møter krava til startlån i Husbanken, difor ønskjer SV å opprette en kommunal ordning med «leige til eige» for å hjelpe denne gruppa. Ungdom som ikkje har klart å spare opp nok eigenkapital, og personar som per dags dato ikkje møter krava til betalingsevne, men som kommunen trur vil vere i stand til det på eit seinare tidspunkt, er eksempel på grupper som denne ordninga vil hjelpe. SV set av 5 millionar til dette i 2021 og 10 millionar dei påfølgjande åra i økonomiplanen.

## Økonomiplan 2021 - 2024

I vår økonomiplan har vi tatt omsyn til den vanskelege økonomiske situasjonen kommunen er i. Vi har auka investeringane så lite som mogleg, og vi har auka driftsoverskotet til kommunen i alle åra bortsett frå 2021. Samstundes har vi styrkt dei kommunale tenestene. Vi har ikkje lagt inn innsparingar i nokon sektor i åra etter 2021, då vi er usikre på kor mykje kommunen klarar å spare inn utan å svekke tenestene. Vi ønskjer likevel at prosjekt «Bjørnafjorden 22» fortset, då vi er positive til effektivisering og reelle innsparingar som ikkje går på kostnad av tenestene til sluttbrukar. Dette er også nødvendig for å klare overgangen når vi går ut av statleg finansiert eldreomsorg, «SIO».

Det er få nye element i vår økonomiplan i åra etter 2021 i høve kommunedirektøren sin plan. Som nemnt tidlegare, ønskjer vi å utvide ordninga med miljøterapeutar i skulen, dette er det sett av midlar til i 2022. Vi har også auka overføringane av frie midlar til skulane med 1 million kroner i 2022. Finansiering av heilårseffekten av stillingane til tryggleikssjukepleiar, diagnosespesifikke stillingar og kreftkoordinator ligg også inne. I 2023 vil vårt forslag om auka overføringar til dei kommunale barnehagane i 2021 gjere at også dei private barnehagane får meir midlar, difor ligg det også inne pengar til å dekke dette.

Utover dette er det ingen nye utgifter i vårt driftsbudsjett i planperioden, men vi har reversert kutta som kommunedirektøren hadde lagt inn i økonomiplanen. Totalt legg SV si økonomiplan opp til auka utgifter på rett over 75 millionar kroner i 2024, samstundes som inntektene aukar med 80 millionar kroner som følgje av eigedomsskatt.

Vi har ikkje sett av midlar til kjøken på Luranetunet i økonomiplanen fordi vi treng meir kunnskap om kva det vil koste og når det er mogleg å starte bygginga. Det har høg prioritet, og vi vonar at vidare planlegging kjem i gang snart. Vi reknar det difor som sannsynleg at det vil bli eit behov for investeringar til kjøken på Luranetunet, og kanskje også til utviding av produksjonskjøken på Fusa BBS. I tillegg vil vidare utvikling syne om det blir behov for investeringar til samfunnshus i Eikelandsosen og Fjellheim i løpet av planperioden. Dei auka driftsutgiftene som kjem som følgje av desse eventuelle investeringane har vi rom for i vårt budsjett.

## Endringar i driftsbudsjettet 2021

Endringar driftsbudsjett 2020	Utgifter (i tusen)	Inntekter (i tusen)
Miljøterapeutar i skulen	4 000	
Oppfylle lærarnorma	6 500	
Chromebook til alle elevar	2 000	
Auka overføringar til skulane	1 000	
Ikkje slå saman administrasjon på skule/bhg	650	
Reversere kutt i kreativ læring	1 000	
Auka overføringar til kommunale barnehager	1 000	
Ungdomsskulegutar som leikeressurs	65	
Fleire stillingar i meistringsteamet	2 000	
Nynorsk i vaksenopplæringa	500	
Lærlingar	400	
Reversere uspesifiserte kutt innan oppvekst	2 000	
Ny kommunepsykologstilling	1 000	
Auka overføringar til PPT	350	
Auka overføringar til kulturskulen	300	
Auka overføringar til Oseana KF	175	
Auka overføringar til Bjørnafjorden idrettspark	175	
Støtte til lag og organisasjonar	125	
Redusere kutt KUP-midlar	1 000	
Samfunnshus Eikelandsosen	200	
Auka overføringar til barnevern	400	
Auka overføringar til førebyggjande helsetenester	700	
Redusere husleiga i omsorgsbustader	1 000	
Ikkje auke husleiga på kommunale bustader	250	
Tiltak mot barnefattigdom	500	
Barnetrygd ikkje medrekna sosialhjelpsberekning	400	
Behalde diagnosespesifikke stillingar	1 475	
Behalde tryggleikssjukepleiar	375	
Behalde kreftkoordinator	400	
Bonusløn VTA	250	
Flyktningetenesta	700	
Reversere uspesifiserte kutt innan helse og velferd	2 000	
RadiOs	50	
Vidareføre tilskot kremasjon (75%)	230	
Politisk møteverksemd	250	
Reversere uspesifiserte kutt innan stab	3 630	
Artskartlegging	25	
Næring	400	
Guttas campus	300	
Kjør for livet	450	
Skaparstovo	50	

Driftsutgifter eigedom drift	<b>1 000</b>	
Auka budsjett til vedlikehald og oppgradering av veg	<b>3 000</b>	
Reversere uspesifiserte kutt innen samfunnsutvikling	<b>1 627</b>	
Administrera «Leige til eige»	<b>200</b>	
Redusera formannskapetets disposisjonsfond		<b>1 500</b>
Redusera løn ordførar og varaordførar		<b>250</b>
Eigedomsskatt bolig		<b>18 000</b>
Eigedomsskatt næring		<b>22 000</b>
Koronamidlar		<b>20 445</b>
Avsetning til koronafond	<b>20 445</b>	
Redusert overføring til investeringar		<b>2 465</b>
Renter og avdrag som følgje av auka investeringar	<b>113</b>	
<b>Totalt</b>	<b>64 660</b>	<b>64 660</b>

## Endringar i investeringsbudsjettet

Endringar i investeringsbudsjett (i tusen)	2021	2022	2023	2024
Fjellheim	500			
Klimafond	3 000	3 000	3 000	3 000
Leige til eige	5 000	10 000	10 000	10 000
Nore Neset gravplass		-15 000	-14 000	
Urnegrav og navna minnelund	3 400			
Heimesjukepleie og hjelpemiddelsentral	10 000	35 000		
Hjelpemiddelsentral	-7 400			
Bufellesskap	-5 000			
Vatn og avlaup	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000
Startlån	10 000	10 000	10 000	10 000
<b>Endringar totalt</b>	<b>-500</b>	<b>23 000</b>	<b>-11 000</b>	<b>3 000</b>
Endringar som ikkje er «sjølvkost»	<u>4 500</u>	<u>23 000</u>	<u>-11 000</u>	<u>3 000</u>

	2021	2022	2023	2024
<b>Sentrale inntekter</b>				
Skatt på inntekt og formue	-794 880	-794 880	-794 880	-794 880
Ordinært rammetilskot	-303 397	-301 909	-687 269	-687 269
Skatt på eidegdom	-40 000	-80 000	-80 000	-80 000
Andre generelle statstilskot	-32 088	-28 538	-28 538	-28 538
Koronamidlar	-20 445			
<b>Sum sentrale inntekter</b>	<b>-1 190 810</b>	<b>-1 205 327</b>	<b>-1 590 687</b>	<b>-1 590 687</b>
<b>Driftsutgifter per tenesteområde</b>				
Frie inntektar og Finans	0	0	0	0
Fellesområde	53 357	53 357	57 152	56 316
Stab	79 306	79 306	79 306	79 306
Oppvekst	682 231	682 781	686 081	686 081
Helse og velferd	104 800	107 050	487 135	487 135
Samfunnsutvikling	140 697	140 697	140 697	140 697
<b>Driftsutgifter per tenesteområde</b>	<b>1 060 391</b>	<b>1 063 191</b>	<b>1 450 371</b>	<b>1 449 535</b>
Korr. finansutgifter i tenesteområda	-13 045	-14 966	-16 633	-18 476
Korr. avsetningar i tenesteområda	0	0	0	0
Korr. motpost avskrivningar i tenesteområda	70 276	70 276	70 276	70 276
<b>Brutto resultat (KOSTRA)</b>	<b>-73 188</b>	<b>-86 826</b>	<b>-86 673</b>	<b>-89 352</b>
Renteinntektar og utbytte	-7 000	-7 000	-7 000	-7 000
Renteutgifter, prov. og andre fin.utgifter	49 241	50 982	56 500	59 813
Avdrag på lån	119 601	120 465	122 870	122 535
Netto kalkulatoriske rentar (frå sjølvkost)	-54 316	-58 474	-62 141	-65 942
Renter og avdrag auka investeringar	113	800	1100	900
<b>Netto finansinntektar/finansutgifter</b>	<b>107 639</b>	<b>106 773</b>	<b>111 329</b>	<b>110 306</b>
Finansutgifter i tenesteområdene	13 045	14 966	16 633	18 476
<b>Totale finansutgifter</b>	<b>120 684</b>	<b>121 739</b>	<b>127 962</b>	<b>128 782</b>
Motpost avskrivningar i tenesteområdene	-70 276	-70 276	-70 276	-70 276
<b>Netto resultat (KOSTRA)</b>	<b>-22 780</b>	<b>-35 363</b>	<b>-28 987</b>	<b>-30 846</b>
Til ubundne avsetningar	20 445	31 363	24 987	26 846
Bruk av ubundne avsetningar	0	0	0	0
Overført til investering	2 335	4 000	4 000	4 000
Netto avsetningar	22 780	35 363	28 987	30 846
Motpost avsetningar i tenesteområda	0	0	0	0
<b>Totale avsetningar</b>	<b>22 780</b>	<b>35 363</b>	<b>28 987</b>	<b>30 846</b>